

Det Kongelige klima- og miljødepartement
P.b. 8013
0030 OSLO

Saksnr.	Arkivkode	Saksh.	Dykkar ref.	Dato
17/31 - 5	/ P50/ &13	Aina Tjosås - 56 57 50 43		15.02.2017

Høyringsvar frå Os kommune - Forslag om oppheving av vannscooterforskrifta

Sjå vedlagt sakspapir for behandling og vedtak i saka.

Med helsing

Aina Tjosås
Kommunalsjef
samfunnsutvikling

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kundeombodet i Os kommune kan gje informasjon om rettar og ulike kommunale tenester. Kundeombodet kan og gje råd, rettleia og yta praktisk hjelp når det gjeld søknad på tenester og ved evt. klage på vedtak/behandling.

Mobil: 91 67 29 13 | ask2@os-ho.kommune.no
Dir. innval: 56 57 51 20

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Aina Tjosås		Arkivkode: P50&13	
Arkivsaksnr.: 17/31		JournalpostID: 17/534	
Saksnr: 06/2017	Utval: Os formannskap	Dato: 07.02.2017	

Høyringsvar - Forslag om oppheving av vannscooterforskrifta**Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:**

Os formannskap sluttar seg til vurderingane som er gjort i saka.

Os, den 18.01.2017

Paul J. Manger
Konst. rådmann

Behandling:

Votering:

Framlegg til vedtak fremma av Ap/MDG fekk 3 røyster (2 Ap, 1 MDG) mot 6 røyster (3 FrP, 2 H, 1 V) og fall.

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak fekk 6 røyster (3 FrP, 2 H, 1 V) mot 3 røyster (2 Ap, 1 MDG) og vart vedteke

OS FORMANNSKAP 07.02.2017, Sak 06/2017 -Vedtak:

Os formannskap sluttar seg til vurderingane som er gjort i saka.

Vedlegg:

- Forslag om oppheving av vannscooterforskrifta - Høyring
- Utkast til forskrift om endring av forskrift av 2. november 2012 nr. 1040 om(1)
- Notat fra BOH vedrørende forslag om oppheving av vannscooterforskriften

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Klima- og miljødepartementet har sendt på høyring forslag om å oppheve forskrift 21. juni 2013 nr 701 om bruk av vannscooter og liknande.

I praksis vil ei slik endring føre til at vannscooter ikkje lenger får ei særregulering, men vil følgje reglar som gjeld for alle fritidsfartøy.

Bakgrunn for forslaget til ending kjem som eit resultat av at det i dag finns ulike fartøy med liknande eigenskapar som vannscooter, både når det gjeld fart og støy. Det er difor unaturleg å ha eit eige regelverk som kun gjeld vannscooter.

Gjeldande regelverk

Fram til 2013 var det totalforbod mot bruk av vannscooter i Noreg. Einaste unntak var dersom kommunen sjølv hadde opna enkelte område for trening. I Os var området utanfor Askvik eit slikt godkjent område.

Etter ny forskrift av 21. juni 2013 har det vore strenge restriksjonar på kor det er tillatt å køyre scooter. Mellom anna har det vore forbodsgrense i eit heildekkande belte på 400 m frå land. Når det gjeld vassdrag og innsjøar, har grensa vore 500 m frå land. Gjennom forbodsgrensene har det vore tillatt med transportkøyring saktare enn 5 knop.

Jamfør § 6 har kommunane hatt høve til å fastsetje ytterligere forbodsområde. Dette gjeld ved særlege tilfelle av omsyn til natur, næring, tryggleik eller støy.

Erfaringar frå gjeldande regelverk

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset	Sentralbord: 56 57 50 00	postmottak@os-ho.kommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388
Torggata 7	Telefax: 56 57 50 01	www.oskommune.no	Org.nr.: 844 458 312
Pb.84, 5202 Os	Dir. innval: 56 57 50 43		

For å vurdere om regelverket etter 2013 har fungert etter intensjonen, har Vista Analyse m.fl. gjennomført ei evaluering. Rapporten konkluderer med at regelverket tar i vare omsyna til natur og friluftinteressene, men at det ikkje godt nok tar i vare tryggleiken ved bruk av vannscooter og at utforminga av regelverket gjer kontroll og handheving vanskeleg. Brukarar og publikum opplever også at regelverket er vanskeleg å bruke i praksis.

Miljødirektoratet ønskjer i ei fagleg tilråding til KLP at hovudprinsippa i dagens regelverk blir vidareført. Dette gjeld særleg reglane om forbodsområde. Når det gjeld fart meiner Miljøverndirektoratet at den bør samordnast med kva som gjeld for småbåtar generelt.

Kystverket meiner dagens regelverk handsamar vannscooter ulike i høve andre fartøy når det gjeld omsyn til tryggleik og framkomst.

Sjøfartsdirektoratet peikar på at når hovudbruk av vannscooter må skje minst 400 m frå land, vil det fleire stadar bety at lovleg bruk berre kan skje i område med bølgehøgder som overgår det fartøyet er konstruert for. I tillegg meiner direktoratet at det kan føre til farlege situasjonar om vannscooterer må halde lågare fart i ei farled enn det som gjeld for øvrig trafikk.

Forslag til nytt regelverk

Klima- og miljødepartementet føreslår no å oppheve forskrift av 21. juni 2013 nr. 701 om bruk av vannscooter og liknande. Opphevinga fører til at den sentrale særreguleringa for bruk av vannscooter fell bort, mens dei generelle reglane i anna lovverk fremleis vil gjelde.

Kommunane har heimel til å regulere bruk av vannscooter og øvrige fartøy etter lokale vurderingar. Følgjande lovverk kan nyttast:

- Kommunane har heimel i [motorferdselloven](#) til å fastsetje lokale forskrifter om bruk av vannscooter i vassdrag og innsjøar der det ikke alt er forbod i medhald av lov.
- Kommunene har i [den sentrale fartsforskriften](#) heimel til å gi lokale forskrifter med fartsgrenser. Slike forskrifter vil gjelde alle fartøy og kan ikke forskjellsbehandle vannscooterer. Den sentrale fartsforskrifta har også generelle krav om aktsemd, tryggleik og omsyn til badande.
- Kommunene har heimel i [havne- og farvannsloven](#) til å begrense bruk av alle fartøy, herunder fritidsfartøy, i deler av eller heile farvatnet av omsyn til framkomst, trygg ferdsel og forsvarlig bruk, under her kjem også omsyn til friluftsliv og miljø.

Os kommune sine vurderingar

Forbodsgrense

Den generelle forbodsgrensa på 400/500 m er utfordrande med den topografien som finns langs norskekysten. Det er stor forskjell på strendene langs Jæren og skjærgarden i Os. Ei oppheving av forbodsgrensene vil truleg føre til auka vannscootertrafikk. Som høyringa peikar på, vil dette kunne føre til auka potensiale for konflikhtar mellom friluftinteressar, hytteeigarar, fastbuande og båtfolk. I tråd med prinsippet for auka lokalt sjølvstyre, støttar likevel Os kommune forslaget om å oppheve den generelle forbodsgrensa og heller overlata til kommunane sjølve å lage lokale retningslinjer.

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset	Sentralbord: 56 57 50 00	postmottak@os-ho.kommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388
Torggata 7	Telefax: 56 57 50 01	www.oskommune.no	Org.nr.: 844 458 312
Pb.84, 5202 Os	Dir. innval: 56 57 50 43		

Støy

Problem kring støy er ein viktig årsak til forbodsgrensene som kom i 2013. Støy er også ei stor kjelde til konflikt mellom scooterkøyrande og friluftssinteresser. Det er likevel uheldig å ha eit lovverk som kun gjeld for ein spesiell type fritidskøyretøy. Støy er eit generelt problem som må handterast uavhengig av kjelde. Os kommune støttar difor forslaget om å fjerne vannscooterforskrifta.

Fart

Det finns i dag strenge reglar for kva som er lovleg fart på sjøen. Reguleringa tar omsyn til både støyproblematikk og tryggleik. Nær land, i smale farled og i område med stor aktivitet er det viktig å ha ein fart som gir tilstrekkeleg oversyn og kontroll. Fart bør regulerast med generelle reglar for alle fritidskøyretøy. Os kommune støttar difor regjeringa sitt forslag om å oppheve særforskrifta for vannscooter.

Oppsummering

Os kommune støttar forslaget om å oppheve forskrifta for vannscooter då det er lite føremålstenleg å ha eit lovverk som kun regulerer eitt spesielt motorkøyretøy på sjø. Dei siste åra har det vore ei kraftig utvikling når det gjeld slike typar køyretøy. Det er rimeleg å tru at denne utviklinga vil fortsetje og det er difor viktig å ha eit regelverk som likestillar dei ulike fartøya både når det gjeld krav til tryggleik, støy og fart og som tar nødvendig omsyn til andre tema som for eksempel naturmangfald og friluftsliv.

Om lovforslaget blir vedtatt vil administrasjonen legge fram ei eiga sak for politisk handsaming med forslag til lokale retningslinjer for Os kommune. I arbeidet med å utforme lokale retningslinjer vil omsyna til fritidskøyretøy på sjø måtte vurderast opp mot ulike friluftssinteresser og omsyn til fastbuande/hytteigarar i området.

Os, den 18.01.2017

Aina Tjosås
Kommunalsjef samfunnsutvikling

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset	Sentralbord: 56 57 50 00	postmottak@os-ho.kommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388
Torggata 7	Telefax: 56 57 50 01	www.oskommune.no	Org.nr.: 844 458 312
Pb.84, 5202 Os	Dir. innval: 56 57 50 43		